



Anne Elisebeth Skogen og Nenad Ignjatic fekk det travelt med å signera bøker for dei fram møtte på Ryfylkemuseet denne kvelden. Oda Rørstad Torbjørnsen

Folksamt på bok-lansering

Mange hadde møtt opp for å få med seg lanseringa av den første boka til forteljaren Anne Elisebeth Skogen, som nå kan kalla seg forfattar. Dei som møtte opp, fekk også sjå akvarellane til kunstnar Nenad Ignjatic.

Gav ros og roser


Skogen fortalde forsamlinga om bakgrunnen for at boka har blitt til. Ho har nemleg aldri blitt lei av å fortelja historia om dei 52 som drog avgarde med skipet *Restauration* for snart 200 år sidan. Det har blitt til boka *Over havet til Amerika i 1825*. Ros fekk alle som har hjulpet henne undervegs. Ein særleg takk blei retta til ektemannen Ernst Drange, som har bidrege med alt; frå hjelp med arkiv og historiske kjelder, til korrekturlesing.

– Alle som har mottatt ei tekstmelding frå meg, veit kva Ernst har måtte jobba med, sa ein lystig bokdebutant.

Ros fekk også dei to opplesarane, Synne Hetland og Åbjørn Marcussen Moe, som også har hjulpet Skogen med å finna ut kva ord som er vanskelege i boka. Under opplesinga blei det i tillegg song av Åshild Vetrhus.

Utstilling av akvareller

Heilt til slutt fekk også Nenad Ignjatic ordet. Han ønskte ikkje å si meir enn at han kjenner seg utrolig heldig som har fått vera med på prosjektet. Akvarellane hans var stilt ut denne kvelden, og dei blir hengjande på museet framover for dei som vil sjå.



– Eg har brukt mykje tid på å finna ut av korleis alt kan ha sett ut. Både kva folk gjekk kledde i, men også utsjånaden på forskjellige stader, seier Nenad Ignjatic om prosessen med å illustrere boka. Oda Rørstad Torbjørnsen

Eit langt samarbeid og vennskap

Dette er knapt nok det første samarbeidet mellom forteljaren og kunstnaren. Sidan 2001 har dei arbeida saman i Kulturskulen. Skogen er ikkje lenger i Kulturskolen, noko Ignjatic omtalar som eit sagn.

– Anne Elisebeth var kjernen av staben, seier han rosande om sin tidlegare kollega.

Skogen sa også i talen sin at ho aldri var i tvil om kven ho ville spørja om å illustrera boka si. Dei er begge svært fornøgde med boka og håpar på at det etter kvart kan komma ei omsetjing til engelsk.



Forteljaren og kunstnaren. I forgrunnen, til venstre, ser ein det som Skogen omtalar som bibelen til The Sloopers – etterkommarane av dei 52 som reiste med Restauration til New York i 1825. Oda Rørstad Torbjørnsen

